



Gøril Samland Eik frå Uskedalen gjer ein god figur på Rosendal-laget.

Opprykshåpet til Rosendal sitt damelag heng i ein tunn tråd etter at laget tapte 1-4 for Fyllingen i helga.

Trenar Tor Gundersen frå Uskedalen var ein slagen mann etter toppoppgjeret. Også denne gongen var Uskedalen godt representert på laget.

Han konstaterte at laget hans gjorde ein grei fyrste omgang, men dei brente litt for mange sjansar. I andre omgang var Rosendal for lite på hogget samstundes som Fyllingen var særst gode.

I starten av kampen var Hildegunn Guddal frampå som måljeger ved fleire høve og scora etter ein halv time. Men det rakna i andre omgangen då Fyllingen scora alle måla sine, mellom anna eit straffespark.

Rosendal har no like mange poeng som Fyllingen og Bergen Nord/Hovding, men med klart svakare målskilnad,

Neste helg blir det eit tøft oppgjør borte mot Bergen Nord/Hovding, slår Grenda fast.